SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Kristin Arnestad
E-post: kristin.arnestad@sfj.no
Tlf.: 90616843

Vår ref.
Sak nr.: 18/372-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 21.01.2019

Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Rapport 2018 - Sogn og Fjordane fylkeskommune - Rekruttering og kompetanseheving i landbruket

Innleiande
Det vert synt til tildelingsbrev datert 16.01.2018 frå Landbruks - og matdepartementet der Sogn og Fjordane vart tildelt kr. 1 120 000 til tiltak retta inn mot rekruttering og kompetanseheving i landbruket for 2018. Fylkeskommunen skal rapportere på bruk av midlane innan 1.februar 2019.

Organisering og utarbeiding av plan for 2018
Det vert årleg utarbeida ein plan for satsinga på rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane. Dette er ein handlingsplan for oppfølging av nasjonale føringar og regionale planar, og som skisserer prioriteringar for fordeling av midlane i fylket. Planen er tett knytt opp til Regional plan for verdiskaping og til Regional bygdeutviklingsprogram. Såleis sikrar vi god samhandling mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Tildelinga er koordinert med tildeling av midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak i landbruket (UTM). Det vert vidare vist til vedlagt plan for Sogn og Fjordane som viser detaljane for 2018.

Den årlege planen vert politisk handsama og er forankra hjå hovudutval for næring og kultur. Planen for 2018 vart vedteken av hovudutvalet 20.03.2018.

Planen er utarbeida i eit samarbeid mellom nærings- og kulturavdelinga i fylkeskommunen, opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, fylkesmannen i Sogn og Fjordane si landbruksavdeling og representantar frå bondelaget, bonde - og småbrukarlaget og skogeigarlaget. Arbeidsgruppa har også vore rådgjevande ved tildeling av midlar. Innovasjon Norge er ein samtalepart i saker der det kan vere nyttig.

Når det gjeld tal kursdeltakarar har vi lite informasjon om faktisk deltaking i 2018. Grunnen er at kursa i hovudsak blir arrangert på hausten 2018 og tidleg vinter 2019. Vi viser elles til vedlagt rapporteringsskjema og omtale av dei prosjekta som har fått tilskot.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Kristin Arnestad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2018
Omtale av prosjekt og kurs som har fått tilskot i 2018
Rapporteringsskjema til departementet for 2018